



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Helse- og sosialutvalet	14/6	27.03.2014
Kommunestyret	14/16	22.04.2014

Svar på høring - reservasjonsordninga for fastlegar

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev
- 2 Høyringsnotat reservasjonsordning
- 3 Uttale reservasjonsordning for fastlegar v/kommunelegen Tokke kommune

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Helse og omsorgsdepartementet har foreslått ei endring i helse og omsorgsloven § 3-2, tredje ledd. Det er lagt fram forslag at det skal gjevast høve til å reservere seg mot henvising og behandling ved alvorlege samvittigheit konflikhtar knytt til liv og død. Med alvorlege konflikhtar meinas fyrst og fremst abort.

Heimelen vil omfatta aktiv dødshjelp, dersom det vil bli vedteke.

Høyringsfrist er sett til 30.april.

Heimelen skal ikkje omfatte utskriving eller innsetjing av prevensjon eller henvising til assistere befrukting.

Departementet foreslår og ei endring i pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 c fjerde ledd. Endringa skal gje grunnlag til utvida rett til å skifte fastlege for pasientar som står på lista hos fastlegar som reserverar seg mot henvising til abort.

Forslaget er at kommunar skal få moglegheit til å lage avtaler med fastlegar som reserverar seg. Det er og merka at kommunane skal få moglegheit til å informera om legar som reserverar seg, bland anna via HELFO nettsida.

Pasientrettighetslova legg til grunn at heile befolkninga skal få lik tilgang til helsetenester. Med det meinas at befolkninga skal sikrast helsehjelp uavhengig av alder, kjønn og bustad, samt økonomisk, kulturell og språklig bakgrunn og sosial status.

Dette stiller krav til organisatoriske forhold i helsetenesta for å hindre ulikskap, samt til profesjonalitet og forsvarlighet frå personellet side.

Hensikta med innføring av fastlegeordninga i si tid var for å auke kvaliteten og for at alle innbyggjarar skal ha ein lege å halde seg til.

I Tokke kommune er alle fastlegar tilsette i kommunen og alle fastlegar pliktar til å være med i interkommunalt legevakts samarbeid Tokke - Vinje legevakt. Det betyr at våre legar jamleg har fri etter gjennomført legevakt.

For helsetenesta i Tokke kommune er ei av våre viktigaste oppgåver å ivareta å hjelpe pasientane som behov for medisinsk hjelp og rettleiing. Det er for tida ledig plass på to av tre fastlegelister. Vi har ein turnuslege som er under utdanning.

For å klare å gjennomføre foreslått endring frå helsedirektoratet, så må vi klare å legge tilrette kvardagen i praksis. Det vi ser i dag er at kvardagen for fastlegane er sterkt styra av kurativ verksemd, kommunale oppgåver, avviking av fri etter legevakt, kompetansetiltak som er pålagt og avviking av ordinær ferie.

Slik som realiteten er i dag på Tokke legekontor, blir det bruka mykje tid for å koordinere og legge til rette dagane og aktivitetane til legane, for å sikra dagleg drift. Vi må anta at vi ville måtte legge opp kurs, ferie og all anna planlegging utifrå den legen som reserve seg.

Viser til vedlagt brev frå kommunelegen i Tokke, der han legg vekt på at det faglege prinsippet skal vere styrande i utføringa av dei offentlege helsetenestane kommunen skal utføre.

Det er grunn til å tru at ein lege som reserverar seg vil få færre unge kvinner knytt til si fastlegeliste og det kan gje ein skeiv fordeling av pasientar. Ein lege som reserverar seg vil ikkje heller kunne utføre oppgåver innan skulehelseteneste på framfor alt vidaregåande skule, der spørsmål rundt prevensjon og abort er vanleg. Det gjer at andre legar må ta over å utføre oppgåvene som aktuell lege ikkje ville få gjennomført.

Vurdering:

I teorien ville ei endring kunne gjennomførast, men spørsmålet blir om vi kan klare det i praksis i ein travel kvardag, utan å gje konsekvensar for pasientane.

Omsynet til pasienten og pasientrettigheitar må vege tungt i denne saka. Vi må og stille oss spørsmål om det er sannsynleg at endringa vil gje direkte konsekvensar for pasientane.

Vi meiner at det er stor sannsynligheit for at ei endring i lova vil gje konsekvensar i form av venting og større belastning for pasientar i ei vanskeleg situasjon. Belastning for pasienten kan bestå i fyljande:

- Ny time hos annan lege. Det er ikkje sikkert at pasienten kan få tilbod om time hos ein anna lege sama dag. Pasienten blir då påført ei ekstra belastning då dei må vente og komme attende. I Tokke kommune kan pasientar ha ein avstand til legekantoret på inntil 4 mil ein veg.
- Venting på time for å få henvisning kan gje ei ekstra psykisk belastning for pasienten.
- Pasienten må eksponere seg og sin historie til ein ny lege, dei kanskje ikkje kjenner. Det kan opplevast som eit tillitsbrot og kan krenke pasientens integritet. Det strider mot både pasientrettighet og prinsippet om fastlegeordninga.

Vi brukar mykje tid i dag for å samordne og koordinera de oppgåver ein fastlege skal gjennomføre i løpet av ei veke. For å klare ytterlegare ein koordinering vil vi bli nød til å bruka meir tid til å administrere drifta ved legekantoret.

Det kan gje ei ekstra belastning for dei andre legane på kantoret når det gjeld fordeling av oppgåver, kompetanse og fordeling av ferie og fritid.

Vi meiner det er misvisande å nytte ordet samvittigheit i høyringsdokumentet. Alle våre legar er samvittighetsfulle og utfører sin jobb etter beste praksis. Ordet er ikkje hensiktsmessig brukt i denne saka, då reservasjonsretten er knytt til legens overbevisning.

Rådmannen si tilråding:

1. Tokke kommune vil i praksis ikkje kunne gjennomføre foreslåtte endringar utan at det vil påverke drift og pasientbehandling til ein viss grad. Vi anbefaler at foreslåtte endringar i loven ikkje blir vedteke.
2. Tokke kommune vil be om at ein ikkje nyttar ordet samvittigheit når det gjeld reservasjonsrett.

Saksprotokoll i Helse- og sosialutvalet - 27.03.2014

Rådmannen si tilråding:

3. Tokke kommune vil i praksis ikkje kunne gjennomføre foreslåtte endringar utan at det vil påverke drift og pasientbehandling til ein viss grad. Vi anbefaler at foreslåtte endringar i loven ikkje blir vedteke.
4. Tokke kommune vil be om at ein ikkje nyttar ordet samvittigheit når det gjeld reservasjonsrett.

Framlegg frå Erik Skimmeland, KrF:

Tokke kommune vil gje fastlegar i kommunen høve til å reservere seg mot henvisning og behandling ved samvittighetsspørsmål knytt til liv og død.

Framlegg frå Kjetil Fulsås, Ap:

Tokke kommune vil ikkje at fastlegane skal ha ein reservasjonsordning som setter kvinnene i ein vanskeleg situasjon i møte med primærhelsetjenesten.

Pasientrettighetsloven legg til grunn at heile befolkninga skal få lik tilgang til helsetenester.

Lovendringa vil føre til eit dårlegare og meir byråkratisk helsetilbod til kvinner i ein sårbar situasjon.

Dersom forslaget blir vedtatt, vil Tokke kommune ikkje tillate fastlegekontrakter som opnar for å fastleger kan reservere seg mot å henvise til abort.

Avstemming:

Framlegg frå Erik Skimmeland blei sett mot forslag frå Kjetil Fulsås:

Framlegg frå Kjetil Fulsås blei vedteke med 4 mot 3 røyster.

Rådmannen si tilråding fall med 6 – 1 røyster.

Vedtak

Tokke kommune vil ikkje at fastlegane skal ha ein reservasjonsordning som setter kvinnene i ein vanskeleg situasjon i møte med primærhelsetjenesten.

Pasientrettighetsloven legg til grunn at heile befolkninga skal få lik tilgang til helsetenester.

Lovendringa vil føre til eit dårlegare og meir byråkratisk helsetilbod til kvinner i ein sårbar situasjon.

Dersom forslaget blir vedtatt, vil Tokke kommune ikkje tillate fastlegekontrakter som opnar for å fastleger kan reservere seg mot å henvise til abort.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 22.04.2014

KrF v/Erik Skimmeland tok opp att framlegget sitt frå møte i helse- og sosialutvalet som lyder slik:

«Tokke kommune vil gje fastlegar i kommunen høve til å reservere seg mot henvisning og behandling ved samvittighetsspørsmål knytt til liv og død».

Tone Dale Solvang tok opp att rådmannen si tilråding i saka som lyder slik:

5. «Tokke kommune vil i praksis ikkje kunne gjennomføre foreslåtte endringar utan at det vil påverke drift og pasientbehandling til ein viss grad. Vi anbefaler at foreslåtte endringar i loven ikkje blir vedteke.
6. Tokke kommune vil be om at ein ikkje nyttar ordet samvittigheit når det gjeld reservasjonsrett».

Røysting

Tilrådinga frå helse- og sosialutvalet vart sett opp mot framlegget frå KrF v/Erik Skimmeland.

Tilrådinga frå helse- og sosialutvalet vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

Tilrådinga frå helse- og sosialutvalet vart så sett opp mot framlegget frå Tone Dale Solvang.

Tilrådinga frå helse- og sosialutvalet vart vedteke med 12 mot 9 røyster.

Vedtak

Tokke kommune vil ikkje at fastlegane skal ha ein reservasjonsordning som setter kvinnene i ein vanskeleg situasjon i møte med primærhelsetjenesten.

Pasientrettigheitsloven legg til grunn at heile befolkninga skal få lik tilgang til helsetenester. Lovendringa vil føre til eit dårlegare og meir byråkratisk helsetilbod til kvinner i ein sårbar situasjon.

Dersom forslaget blir vedtatt, vil Tokke kommune ikkje tillate fastlegekontrakter som opnar for å fastleger kan reservere seg mot å henvise til abort.